

# Styremøte 3-2014 - REFERAT

Torsdag 17. juli 2014 kl. 18:00

Desse møtte: Alvin Honningsvåg, Terje Edvardsen, Inge Bakke

## Sak 1: Pris for bruk av slippet til utsetting av småbåter med eigen vogn

Der er uklårt om prisen vedteke av årsmøtet gjeld samla for både utsetting og opptaking av båt, eller om ein skal betale to gonger.

### VEDTAK

Styret oppfatter årsmøtevedtaket som at prisen for «slipping» av småbåt, det vil seie med eigen vogn, omfatter både utsetting og opptak. Styret vil derfor praktisere at ein betaler halve prisen for kvar operasjon, altså 50 kroner for medlem, 150 kroner for ikkje medlem.

## Sak 2: Hjelp med frakt av passasjerer frå «Nordstjernen» fredag 25. juli i samband med opning av kystpilegrimsleia

Fredag 25. juli kjem Nordstjernen til Selje i samband med åpninga av den nye kystpilegrimsleia. Skipet kjem til å ankre opp mellom Selja (Bø) og Selje. Det er ønskelig at passasjerane får høve til å komme i land i Selje. Prosjektlear for besøket i Selje er Svein Barmen. Han spør oss (Hamnelaget) om vi kan få fem-seks litt større og solide båtar til å frakte passasjerane inn til Selje og ut igjen i løpet av kvelden. Han antyder at det blir mellom kl. 20 og kl. 23. Det er 70 passasjerar ombord, men det blir neppe alle som vil i land. Forutsetningen er at det er høvelig vær.

### VEDTAK

Ansvarstilhøvet må avklares. Kapteinen på Nordstjernen må godkjenne opplegget. Styret kan formidle opplegget til alle båteigarane (e-post), og registrere kven som vil vere med. Men Holmavika Hamnelag SA kan ikkje ha nokon form for ansvar for gjennomføring av transporten eller for tryggleiken. Båteigar påtek seg slik transport på eiga ansvar.

Ansvar for formidling: Inge

## Sak 3: Tiltak i samband med innbrot i båtar i hamna

Fleire båteigarar langs A-brygga har hatt innbrot og hærverk i båtane sine. Slik kan vi ikkje ha det.

### VEDTAK

Styret set i verk kameraovervåking snarast råd. Leiar utgreier saka og tek ansvar for gjennomføring. Kostnadsramme 15-20.000 kroner. Styret skal haldast orientert. Ansvar: Inge

På kvar av dei tre bryggeportane skal det vere skilt med slik tekst:

**Porten skal låsast når du forlet hamna.**

**Lås også når du dreg ut med båt.**

Vi undersøker med Reset Produkter om å få lage skilt. Ansvar: Inge

## Sak 4: Kant på venstre side av innkjøringa til slippen

Kanten på venstre side av innkjøringa til slippen er vanskelig å sjå og kan være farlig for både gåande og køyrande. Det er stor trafikk på slippen i desse dagane. Kanten bør derfor markerast på ein eller annan måte, og så raskt som mogleg.

VEDTAK

Kanten markerast på samme måte som langs kaikanten. Arbeidet utførast av styret og så snart som råd. Ansvar: Alvin og Terje

## Sak 5: Rydde hamna for grønske

Grønske legg seg i båsane og det blir stadig meir.

VEDTAK

Gjerast frå småbåter på neste dugnad. Grønsken fraktast utanfor moloen. Ansvar: Terje

## Sak 6: Grind i gjerdet ved parkeringsplassen

Det kan vere nyttig med ei grind i gjerdet der det er djupast utafor muren langs parkeringsplassen. Dette vil gjere det mogleg å heise tunge ting (motor o.l.) frå/til båt og land.

VEDTAK

Det lagast ei ramme som settast opp i mellomrommet mellom to stolper og skruast fast med klammer. Skråstag på gjenstående stolper må vurderast. Betre fending langs muren må vurderast. Ansvar: Terje

## Sak 7: Leiadarar langs hamna for å gjere det mogeleg å komme opp frå sjøen.

VEDTAK

Av tryggleikssyn bør det setjast opp leidarar. Antall og plassering må vurderast. Ansvar: Terje og Alvin

MØTET SLUTT